

Til brukaren av grammatikken!

Ein grammatikk for ungdom og vaksne er eit læremiddel som har mangla i opplæringa på nynorsk i vaksenopplæring og skule. Vi legg no ut grammatikken: *Nynorsk grammatikk for minoritetsspråklege* på nettstaden til nynorsksenteret til fri nedlasting for alle som kan ha nytte av eit slikt tilbod. Teksta er ikkje interaktiv, og må skrivast ut. Grammatikken er delt inn i to, i del ein, ordklasser og del to, setningar. Den første delen gir eit systematisk oversyn over alle dei ti ordklassene. Den andre delen inneheld både kapittel om setningsanalyse, ulike typar setningar og eit kapittel om teiknsetjing.

Denne grammatikken skal vere ei enkel innføring i nynorsk grammatikk for minoritetsspråklege, med både teori, forklaringar og arbeidsoppgåver. Vi vender oss særleg til ungdommar og vaksne minoritetsspråklege som ønskjer å lære nynorsk, og som har ein viss skulebakgrunn frå heimlandet. Grammatikken er tenkt som eit supplement til andre læreverv, og vi vonar han vil vere eit eigna hjelpemiddel for ungdomsskuleelevar, elevar i vidaregåande skule og for deltakarar i vaksenopplæringa i kommunane opp til Norskprøve 3-nivået. Teksta inneheld både forklaringar på grammatiske fenomen innan ordklassene og innan enkel setningsanalyse. Både i ordklasse- og setningskapitla har vi først ein presentasjon av eit nytt fenomen med forklaringar, og så oppgåver som kan løysast av den enkelte eller i ein klassesituasjon.

Eit enkelt, men ikkje barnsleg språk, meiner vi er viktig sidan grammatikken skal vere for vaksne og ungdommar. Når det gjeld ordforrådet, har vi tenkt ut frå kva emne som ein tek opp i begynnaropplæringa av minoritetsspråklege. Dette finn vi f.eks. nedfelt i *Læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrere*. Vi følgjer ei fiktiv kubansk-norsk familie på fire gjennom alle kapitla. Desse fire bur for tida i Noreg, og vi møter dei på ulike arenaer som skule, norsk kurs, arbeidsliv, friluftsliv og feriar. Ei slik to-kulturell familie trur vi mange i målgruppa vår vil kjenne igjen. Nokre enkle illustrasjonar vert brukte for å presentere familien, og dei er også ei hjelp til å forklare grammatiske fenomen.

Val av grammatiske nemningar er bestemt av eit rundskriv frå Utdanningsdirektoratet, datert 25.05.05, der Norsk språkråd og Utdanningsdirektoratet bed om at ein nyttar ein del [nye grammatiske termar](#), basert på standardverket *Norsk referansegrammatikk*, av Faarlund, Lie og Vannebo (1997), når ein skriv nye læreverv i språk for skuleverket. Dette prøver vi å følgje opp, og det gjer då at vi deler inn i ordklassene substantiv, adjektiv, verb, pronomen, bestemmarord, adverb, preposisjonar, konjunksjonar, subjunksjonar, og interjeksjonar. Vi har altså fått to nye ordklasser, bestemmarord og subjunksjonar, medan dei tradisjonelle

ordklassene artiklar og talord er borte. Subjunksjonar er det vi tidlegare kalla underordna konjunksjonar, medan bestemmarord omfattar ord frå ordklassene artiklar, talord og pronomen i den tradisjonelle grammatikken.

I verbkapitlet tek vi i bruk nye nemningar som byggjer på ei inndeling i eit presenssystem og preteritumssystem. Det gjer at vi bruker nemningane presens perfektum og preteritum perfektum (før perfektum og pluskvamperfektum), og vi bruker presens futurum og preteritum futurum (før 1. futurum og 1. kondisjonalis).

Den nynorske læreboknormalen ligg sjølvstilt til grunn for ordval og former i boka. Men innanfor denne normalen har vi vore nøydd til å ta mange val. Eksempel på dette er å velje mellom hankjønns- eller hokjønnsformer som ei klasse eller ein klasse, ei tekst eller ein tekst. Her har vi valt hokjønnsformer. Der ein kan velje mellom a-verb og e-verb, har vi valt e-verb. Vi valde ord som er felles for bokmål og nynorsk der det er mogleg, f.eks. har vi valt *eksempel* i staden for *døme*, og *først* i staden for *fyrst*. Vi har vidare prøvd å unngå passivformer, særleg i byrjinga av kapitla der vi har ønskt å gjere språket så enkelt som mogleg. I nokre høve har vi tenkt på kva former potensielle brukarar vil møte i lokalmiljøa sine, og ein lokalkoloritt kan ein nok også finne i nokre av eksempla og oppgåvene, f.eks. i stadnamna.

Undersøkingar syner at mangelen på nynorske læremiddel er hovudgrunnen til at minoritetsspråklege i nynorskkommunane får eit mangelfullt nynorsktilbod. På grunnlag av dette starta vi arbeidet med å skrive ein nynorsk grammatikk for denne målgruppa, og vi fekk støtte frå [Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa](#) (Nynorsksenteret). Ein fordel med ei digital tekst er at det er lett for oss å endre henne, så vi er takksame for tips og tilbakemeldingar av alle slag.

Volda 18.juni 2007

Birgitte Fondevik Grimstad, høgskulelektor HVO, e-post: bfq@hivolda.no

Hilde Osdal, høgskulelektor HVO, e-post: hilde.osdal@hivolda.no